



Roar Tofting
Gangstøvegen 4
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3565 - 14/12714

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
27.08.2014

Svar på førespurnad om søknadsplikt ved byggjetiltak på gbnr. 52/1 i Meland kommune

Det vert vist til møte mellom dykk og Meland kommune v/ byggjesaksavdelinga av d.d.

Saka gjeld eventuell søknadsplikt ved innsetting av til saman tre nye vindauge i høvesvis naust- og løvevegg.

Gbnr. 52/1 ligg i eit uregulert område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF). Det planlagde tiltaket kjem ikkje i konflikt med dette arealmålet. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 1-8 inneheld vidare eit generelt forbod mot byggjetiltak innanfor 100-metersbeltet mot sjø, men same lovføresegn presiserer at fasadeendringar ikkje er omfatta av dette byggjeforbodet.

Fasadeendringar er i utgangspunktet søknadspliktige, jf. pbl. § 20-1 første ledd, bokstav c. Følgjande endringar er likevel unntatt frå søknadsplikt, jf. pbl. § 20-3 første ledd bokstav e:

«[f]asadeendring som ikke fører til at bygningens karakter endres, samt tilbakeføring av fasade til tidligere dokumentert utførelse.»

På bakgrunn av teikningane og bileta som vart presentert under nemnde møte legg administrasjonen til grunn at den planlagde fasadeendringa er fritatt frå søknadsplikt, ettersom tiltaket ikkje vil føre til endringar ved bygga sin karakter.

Dette til orientering.

Med helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:
Roar Tofting

Gangstøvegen 4 5911

ALVERSUND